



Vinje kommune
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tonje Katrine Vaage, 33371109

Fråsegn - høyring - reguleringsplan - Vinje - Åmothaugen vest - planID 20160005

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark kan ikkje sjå at det har blitt utarbeida ei støyutgreiing for nye helsebygg som ligg innafor gul og raud støysone. Dette er ein mangel ved planforslaget. Vi gir derfor eit sterkt fagleg råd om at dette blir retta opp før planen blir vedteken. Vi legg til grunn at eventuelle nødvendige avbøtande tiltak eller andre forhold som sikrar oppfølging av krava gitt i retningslinje T-1442/2021, særleg kapittel 4.2 om planlegging av helsebygg, blir forankra i plankart og føresegner.

Samstundes gir vi eit sterkt fagleg råd om at forslag til føresegner § 6.1.8 d) blir endra slik at omfanget av soverom utan stille side blir avgrensa til eit minimum.

Vi viser til oversending frå Vinje kommune datert 01.12.2025.

Saka gjeld

Saka gjeld høyring og offentleg ettersyn av forslag til reguleringsplan for Åmothaugen vest i Vinje kommune. Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utviding av helsesenteret med eit nybygg i området til Bratlands forretning. Det er vidare vurdert ny trafikal struktur som sikrar mjuke trafikantar. I planen tek ein også med seg kommunehuset, bibliotek/politistasjon, eksisterande omsorgsbustader, vegar og gang- og sykkelvegar. I tillegg er området ned mot Ormetjønn teke med for å sikre ein universelt utforma turveg frå Åmothaugen Vest og ned til Ormetjønn, med moglegheit for universelt utforma fiskeplass og badeplass.

I gjeldande kommunedelplan for Åmot (planID 1993001) er området satt av til forretning og offentleg føremål. Det er i dag 8 gjeldande reguleringsplanar innafor området. Planane regulerer utbyggingsområda til forretning/kontor, offentlege føremål, veg- og parkeringsareal og anna kombinert føremål. Planområdet er også regulert til LNF-føremål ned mot Ormetjønn. Det er konkludert med at planforslaget ikkje utløyser krav til konsekvensutgreiing.



Rolla til fagavdelingane til Statsforvaltaren

Statsforvaltaren sine fagavdelingar skal med heimel i plan- og bygningslova § 3-2 sjå til at planar ikkje er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser innan miljøvern, klima, landbruk, samfunnstryggleik, folkehelse, barn og unge sine interesser og gravplassar.

For orden si skuld minner vi om at det er justis- og verjemålsavdelinga hos Statsforvaltaren som handsamar eventuelle klagar på kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021, som er vidareført med Telemark fylkeskommune inntil vidare. Avtalen inneber at fylkeskommunen tek i vare interessene til barn og unge i reguleringsplanar også på vegne av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren sitt høve til å fremje motsegn til planforslag som er i strid med vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer knytt til interessene til barn og unge.

Vurderingar frå fagavdelingane til Statsforvaltaren

Støy – sterkt fagleg råd

Overordna rammer og føringar

Støy er eit miljøproblem som rammar mange menneske, og som kan gi høyrsskadar, forstyrring av søvn, og stressreaksjonar som utgjer eit helseproblem. Kommunen er ansvarleg for å følgje opp at det blir teke omsyn til støy i alle arealplanar. Dette gjeld mellom anna planar for ny busetnad, vegar og industriområde. Vi viser til folkehelselova § 4 som mellom anna gir kommunen eit ansvar for å bidra til å verne befolkninga mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa, også ved arealplanlegging.

Vi viser samstundes til *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* (T-1442/2021), som skal leggjast til grunn ved arealplanlegging og behandling av byggesaker etter plan- og bygningslova. Føremålet med retningslinja er å legge til rette for langsiktig arealdisponering og planlegging som fremjar trivsel og bukvalitet, og som førebygger helsekonsekvensar av støy. Retningslinja og tilhøyrande rettleiar M-2061 understrekar at støyutgreiingar må bli laga så tidleg som mogleg i ein planleggingsfase, og presiserer at støy skal bli utgreia i alle planar for utbygging der det er grunn til å tro at det kan vere problem med støy. Vesentleg avvik frå retningslinja kan gje grunnlag til vurdering av motsegn frå Statsforvaltaren, jf. rundskriv T-2/16 *Miljøforvaltningens innsigelsespraksis* punkt 3.1.

Vurdering av planforslaget

Nordre del av planområdet ligg innafor gul og raud støysone frå Vinjevegen. Av planomtala går det fram at bygningsmassen og terrenget i området i dag fungerer i dei fleste tilfelle som ein støyskjerm. Det er heller ikkje nokon støysensitive funksjonar innafor raud støysone, og i gul sone ligg det berre den nordlege fløya med kontor på kommunehuset. Vi skulle gjerne sett at det i planomtala ble vurdert forholda ved ny utbygging, særleg innafor areal BKB4 der det vil bli opna for nye utbygging av helseteneste, helseinstitusjon og tilhøyrande fasilitetar, samt omsorgsbustader og eldresenter.

Retningslinje T-1442/2021 *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging* har eit eige kapittel 4.2 om planlegging av helsebygg. Retningslinja skil mellom helsebygg for langtidsopphald og korttidsopphald. For helsebygg med langtidsopphald er det klare utgangspunktet at alle bebuarrom skal ha stille side. Dette er fordi mange av bebuarane i slike bygg ofte har nedsett helsetilstand, og har avgrensa moglegheit for å oppsøke stille område. For desse brukargruppene blir det derfor ekstra viktig at ein kan opne vindauge og oppleve kvaliteten ved frisk luft og kontakt med omgivnadene utafør helsebygget. For bygg for korttidsopphald vil bebuarane ofte bruke bygget i



kortare tid, og det er derfor mindre strenge krav om å sikre tilgang til stille side. Det er likevel viktig at bebuarar i slike bygg har enkel tilgang til uteopphaldsareal med gode støyforhold og kvalitetar. Vi kan ikkje sjå av oversendinga at det er endeleg avklart kva type helsebygg det skal bli innafør området som ligg innafør støysonene. Dette er viktig å få avklart så fort som mogleg, slik at ein kan sikre gode lydforhold for dei ulike brukargruppene.

Vi kan heller ikkje sjå at det er blitt utarbeida ei støyutgreiing som ein del av planarbeidet. Av forslag til føresegner § 9.1 går det fram at dette skal bli gjort før det blir gjeve rammeløyve/igangsetjingsløyve for område innafør støysona (BKB3, BKB4 og BAD). Generelt sett vil vi understreke viktigheita av at det blir laga gode støyutgreiingar som blir lagt til grunn for eit planforslag. Støyutgreiingar gir det faglege grunnlaget for å kunne velje dei riktige løysingane som tek i vare omsynet til støyforhold for ny utbygging. I tillegg skal ei slik utgreiing gi både myndigheter og andre rørte partar den kunnskapen som trengs om støysituasjonen, slik som til dømes kva dei største utfordringane er, og anbefalingar om tiltak som totalt sett kan gi god kvalitet og dei beste lydforholda. Det viktigaste føremålet med ei støyutgreiing er å kunne vise at grenseverdiane og kvalitetskriterium kan bli tilfredsstilt. Utan denne kunnskapen er det vanskeleg å kunne ta ein informert avgjerd av om planen bør bli vedtatt eller ikkje.

Vi ser likevel at det i enkelte tilfelle, slik som i denne saka, er mogleg å oppfylle kriteria gitt i retningslinje T-1442/2021 ved å velje gode løysingar når fleire forhold i saka er avklart, slik som til dømes plassering av dei enkelte funksjonane som planen skal legge til rette for. Vi legg også vekt på den samfunnsmessige nytta ved planforslaget. For å kunne sikre gode støyforhold gir vi eit sterkt fagleg råd om at støyutgreiinga blir utarbeida før planen blir vedteken. Vi legg til grunn at nødvendige avbøtande tiltak eller andre forhold som sikrar oppfølging av krava gitt i retningslinje T-1442/2021, særleg kapittel 4.2 om planlegging av helsebygg, blir forankra i plankart og føresegner. Samstundes gir vi eit sterkt fagleg råd om at forslag til føresegner § 6.1.8 d) blir endra til at ikkje meir enn 10 % av soverom/bebuarrom kan få unntak frå krav om stille side. Unntaket frå kravet om stille side vil berre gjelde dersom lokaliseringsløysingar, utforming av bygningar eller planløysingar ikkje er tilstrekkeleg for å oppnå dette, og det må tydeleg gjerast greie for kvifor. Samstundes må planen sikre krav til gode kompenserande tiltak for tap av stille side. Vi minner også om at kommunen har eit ansvar for å handtere støy i folkehelselova og forskrift om miljøretta helsevern.

Støy i bygge- og anleggsfasen

Vi oppmodar også til at det blir innarbeidd ei føresegn om at omsynet til støy både i drifts- og anleggsfasen skal handterast i samsvar med *Retningslinjer for støy i arealplanlegging T-1442/2021*.

Støv

Vi registrerer at det ikkje er innarbeidd føresegner som sikrar ivaretaking av støv i anleggsfasen. Vi ber om at det blir innarbeidd ei føresegn om at omsynet til støvproblematikk i anleggsfasen skal handterast i samsvar med *Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520)*.

Vassmiljø – kantvegetasjon

Planforslaget legg til rette for etablering av ein universelt utforma tursti frå sentrum og ned mot Ormetjønn. Av planomtala går det fram at stien som ligg i planforslaget ikkje er forprosjektert. Dette kjem av at plassen som eigentleg ble prosjektert for stien er ikkje lenger tilgjengeleg, og at administrasjonen ynskjer ein kortare trasé. Vi ser at stien er plassert svært nærme vatnet, og at kantsona derfor stadvis er svært avgrensa.



Vi minner om at kantvegetasjon langs vassdrag skal vere bevart, jf. vassressurslova § 11. Kantsona langs vassdrag har ein viktig økologisk funksjon for ein rekke artar både i og langs vasskanten. Trær og busker i ulik høgde gir mat og levestad for eit stort mangfald av artar, både på land og i vatn. Vegetasjonen hjelper også til med å stabilisere kanten langs vatnet, og reduserer dermed faren for utrasing og erosjon, i tillegg til å kunne ha ein flaumdempende effekt. Vassressurslova stiller ikkje noko minimumskrav til bredda på kantsona, annet enn at bredda skal teke i vare dei økologiske funksjonane som kantsona skal ha. Bredda vil kunne variere med dei naturgitte forholda ved det aktuelle området. Vi ber om at kommunen vurderer om turstien kan bli lagt med større avstand til vatnet i plankartet, slik at ein sikrar at det blir satt av eit tilstrekkeleg vegetasjonsbelte mot vassførekomsten. Vi viser til vår rettleiing om [Kantvegetasjon langs vassdrag](#), som gir nærare informasjon om krav og tilrådingar.

Med helsing

Lene Ottersen
fungerande plansjef

Tonje Katrine Vaage
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Statens vegvesen - Transport og samfunn	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Mattilsynet	Postboks 383	2381	BRUMUNDDAL